



Referat frå elevrådsmøte II, onsdag 24. september

Desse møtte:

Elevrådsrepresentant 5A: Selma

~~Vara 5A:~~ Aksef

Elevrådsrepresentant 5B: Thea

~~Vara 5B:~~ Jakob

Elevrådsrepresentant 6A: Olav

Vara 6A: Mohammed

Elevrådsrepresentant 6B: Leif Ludvik

Vara 6B: Eirik

Elevrådsrepresentant 7A: Aksef

Vara 7A: Andrina

Elevrådsrepresentant 7B: Lukas

Vara 7B: Runa

Observatørar frå 3. og 4. trinn: To frå 3. trinn og 4 frå 4.trinn møtte

Sak 1: Saker frå klassane

5a	Ingen saker
5b	Ingen saker
6a	Ynskjer fleire aktivitetsdagar på skulen
6b	Større utval av varer knytt til skolelyst.no
7a	Ynskjer ei eiga snøballsone på skulen - Elevrådet vart samde om at representantane tek saka opp i klassane der klassane kan få moglegheit til å seie noko om korleis dette eventuelt kan gjennomførast på ein trygg og god måte. Ynskjer fleire aktivitetsdagar på skulen
7b	Spegel i kroppsovingsgarderoben. - Per no er det berre spegel inne på toalettet i garderoben. Jentene i klassen ynskjer at det vert sett opp spegel i sjølve garderoben. Laila undersøker om det finnast spegel som kan settast opp og om vaktmeister eventuelt kan setje det opp.

Oppsummering av saker frå klassane:

Elevrådet diskuterte saka om utval av produkt på skolelyst.no. I dag er utvalet lite. Ein kan kunn velje reine mjølkeprodukt. Elevrådet var samstemte om at ein ynskjer å jobbe for eit breiare utval av produkt.

Produkta ein ynskjer å prioritere er

- Lettmjolk sjokolade (laktoseredusert og usøta)
- Smoothie (frukt og grønnsak, usøta)
- Juice



I neste elevrådsmøte i veke 40 utarbeider elevrådet eit utkast til brev til leiinga ved skulen.



Sak 2:

- ✓ ***Saker vi skal arbeide med i veke 40:***
 - *Skulemjølk på skolelyst.no*
 - *Aktivitetsdagar for 5-7*
 - Kva type dagar
 - Korleis kan vi forsvare å ha slike dagar på 5-7
 - *Fagleg?*
 - *Sosialt?*
 - *Skulemiljø?*

Desse områda vil elevrådet arbeide med etter haustferie:

- *Jobbe vidare med tema frå i fjor ; språkbruk*
- *Trygt og godt skulemiljø*

Beste helsing

Olav
Referent

Lukas
Elevrådsleiar 5-7

Laila Bosdal-Thorsen
Elevrådskontakt 5-7